



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 UGGDAL
Telefon 53437020
Telefaks

Hordaland fylkeskommune
v/ kst.plansjef Eva K. Taule
Regionalavdeling/planseksjonen

UGGDAL, 15.09.2016

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
16/810-2	5971/16	500	TK//STDAL	

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER

Me viser til godt møte med Dykk 24. august d.å.

Me har gått gjennom oppdaterte planar og føringar for regional kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. I første rekkje så opprettheld me vårt syn frå møte om at planen først og fremst bør leggjast til grunn som eit kunnskapsgrunnlag og ikkje bør vedtakast som ein eigen plan med dei føringar som følgjer av det. Der det hadde vore rom for vurdering av arealbruk er det no ved valte raudlys metode allereie lagt så store føringar på å at dagens situasjon er den rette arealbruk at det vil ikkje opne for anna bruk i samsvar med regional plan. Såleis vil planen ikkje vera eit verkty for kommunal planlegging, men ei erstatning for denne.

Me vil også be om at det i denne viktige saka vert sett av tid til ein ny høyringsrunde trass i at De både i møte og i hit sendte referat frå styringsgruppa har konkludert med at det ikkje er turvande. Frå vår side vil me peika på at planen slik framlegget ligg føre vil gje både avgrensingar og rom for ei svært viktig næring og at behovet for medverknad tilseier at det vert gjort ei ny høring av saka.

I det reviderte planframlegget er dei ulike områda med ulike tema no kalla arealsoner, me kan likevel ikkje sjå at det er ei reell endring opp mot høyringsframlegget. Me meiner framleis at den metodiske tilnærminga i planen er lite hensiktsmessig.

Planen tar heller ikkje tilstrekkeleg høgd for vidare utvikling, men er ei god kartlegging av dagens situasjon. Me vil i samband med dette mellom anna peika på områda langs Langenuen der me ber om at akvakulturføremålet vert trekt heilt ut til kommunegrensa, områda som ligg der i dag er marginalt for smale. Me ber om at områda i Langenuen vert vurdert som ein særskilt merknad til endring.

Det kan sjåast ut, for Tysnes kommune sitt vedkommande at areal for aquakultur i gjeldande kommuneplan er lagt inn igjen i kystsonoplanen, med atterhald om at det ikkje kan påvisast korallar eller andre forhold som kan føra til bandlegging. Me er sjølvsagt positive til at områda

no også er lagt inn i den regionale planen, men vil for ordens skuld peika på at areal i kommuneplan har vore gjennom naudsynte høyringsprosessar og det kan ikkje under noko omstende vera slik at regionale planar set kommunen sine planar til side ved eit pennestrøk.

Me vil peika på at det i strandlina er lagt føringar for naustområder som me ikkje kan sjå turvande i høve til intensjonane og måla bak planen. Naustområde er ivareteke både gjennom kommuneplan og det vert også arbeidd med ein interkommunal stransoneplan for å ivareta dette. Me ser likevel argumentasjonen for at De gjennom planen bør vurderer strandsona, men hadde då også venta å sjå ei kopling mellom land- og sjøbasert næring. I kva grad treng akvakultur tilstøytande landeareal til kaiar, opplag med vidare? Me opplever dette som eit viktigare spørsmål i høve til planen enn føresegner for naust. Me veit også at me i dag må løysa saker om vegar, anlegg og naudsynte bygg i strandsona i samband med sjønæring gjennom dispensasjon og meiner at ei forankring i overordna planar er nyttig!

Me vil avslutningsvis etterspørja referat frå vår møte 24. august, me oppfatta det slik at De vil utforma det. I den grad dette er ei misforståing så er det fint om de gjev ei tilbakemelding på det.

Me vil ønskja Dykk lukka til i det vidare arbeidet og ber om at De tek med vårt syn om ny høyring av planen til vurdering i styringsgruppa!

Med helsing
Tysnes kommune

Steinar Dalland
rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Kopi: Einingsleiar forvaltning
Arealplanleggjar